



NOREGS HØGSTERETT

Den 30. mars 2012 sa Høgsterett dom i

HR-2012-00687-A, (sak nr. 2011/1675), sivil sak, anke over dom,

Steinar Bastesen
Alu Safe AS

(advokat Trond S. Paulsen – til prøve)

mot

Staten v/Fiskeri- og kystdepartementet

(Regjeringsadvokaten
v/advokat Kirsten Berger – til prøve)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld identiske krav frå majoritetsaksjeeigar og frå selskap om skadebot grunna eit påstått ugyldig forvaltningsvedtak med omgjering av tilsegn om rett for selskapet til deltaking i deltakarregulert fiske. For Høgsterett er spørsmålet for majoritetsaksjeeigaren om kravet har skadebotrettsleg vern, og for selskapet om kravet er forelda.
- (2) Steinar Bastesen har i åra frå 2005 til i dag dels vore eineaksjeeigar og dels vore hovudaksjeeigar i Alu Safe AS. Selskapet søkte 26. oktober 2005 om rett til å delta i deltakarregulert fiske. I vedtak 7. november 2005 gav Fiskeridirektoratet førehandstilsegn om slik deltakarrett. Tilsegna omfatta fiske etter torsk, hyse og sei for farty under 28 meter største lengde som fiskar med konvensjonelle reiskapar, fiske etter norsk vårgytande sild, og dessutan fangst av vågekval. Det vart samtidig gitt tilsegn om at det kunne påreknast godkjenning av deltaking ved erverv av eit brukt fiskefarty, i det direktoratet la til grunn at Bastesen hadde vore fiskar med fartyet "Morild" før dette havarerte i 1997. I vedtaket vart det uttala at ervervsløyve gitt i 1996 til nybygd farty for utskifting av "Morild" no fall bort.

- (3) Steinar Bastesen var stortingsrepresentant frå 1997 til 2005, men kom ikkje inn på Stortinget ved valet i 2005. I åra på Stortinget hadde han dispensasjonar frå plikta til deltaking i fiske.
- (4) Alu Safe AS inngjekk 12. januar 2006 kontrakt om kjøp av eit brukt fiskefarty, "Buøy Junior", med atterhald om ervervsløyve og om godkjenning av overføring av kvotar.
- (5) Fiskeridirektoratet varsla i brev 8. februar 2006 om mogeleg omgjerung av vedtaket 7. november 2005. Alu Safe AS trekte seg då frå kjøpet av "Buøy Junior" slik atterhaldet i kontrakten gav høve til.
- (6) I vedtak 7. april 2006 omgjorde Fiskeridirektoratet sitt vedtak 7. november 2005 i medhald av forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c, jf. § 35 femte ledd. Det vart vist til eit eigarskap i eit anna farty i den tida Bastesen var medlem av Stortinget, og at manglande deltaking i fisket såleis ikkje hadde samanheng med stortingsvervet.
- (7) Omgjeringsvedtaket vart påklaga av Alu Safe AS ved førebels klage 15. mai 2006 og endeleg klage 26. mai 2006. Fiskeridirektoratet uttala 21. juli 2006 at det ikkje var aktuelt å gjera om vedtaket.
- (8) I vedtak 13. november 2006 omgjorde Fiskeridepartementet det omgjeringsvedtaket Fiskeridirektoratet hadde gjort. Alu Safe AS fekk etter dette ervervsløyve for eit brukt fiskefarty og dessutan rett til deltaking i fisket. Ved dette ervervsløyvet vart det lagt til grunn at det tidlegare gitte løyvet til erverv av eit nybygg i staden for "Morild" var felle bort.
- (9) Ved stemming 20. mars 2009 til Oslo tingrett reiste Steinar Bastesen sak mot staten, med krav om at han skulle tilkjennast skadebot som følgje av at Fiskeridirektoratet sitt omgjeringsvedtak 7. april 2006 var ugyldig. Det gjekk fram av stemninga at det som vart kravd dekt, var det driftstapet Alu Safe AS hadde hatt i den perioden direktoratet sitt omgjeringsvedtak hadde stått ved lag.
- (10) I tilsvar 8. mai 2009 gjorde staten gjeldande at Steinar Bastesen mangla den nødvendige tilknytninga til saka, og at denne derfor måtte avvisast.
- (11) Alu Safe AS reiste så 26. mai 2009 sak mot staten. I stemninga vart det uttala:
- "Ved eget prosesskrift vil det bli gjort gjeldende at SB har nødvendig tilknytning til saken. Men verken Alu Safe AS eller SB ser noen ulempe i at også selskapet fremmer erstatningskrav i sakens anledning. Anførslene er de samme i begge tilfellene, erstatningskravets størrelse likeså, men nærværende stevning gjelder altså selskapet og ikke SB personlig"**
- (12) Oslo tingrett kom i orskurd 10. juni 2009 til at søksmålet frå Steinar Bastesen skulle fremjast. Statens anke vart forkasta ved Borgarting lagmannsretts orskurd 18. september 2009. Lagmannsretten la til grunn at Bastesen pretenderer å ha eit forfalle krav mot staten på 3,6 millionar kroner, og at det då høyrer til realiteten å avgjere om denne pretensjonen er haldbar, eller om den er uholdbar, til dømes fordi eit anna rettssubjekt i tilfelle er rette kreditor.

- (13) Søksmåla frå Steinar Bastesen og frå Alu Safe AS vart 24. september 2009 sameinte til felles behandling.
- (14) I Oslo tingretts dom 26. mars 2010 vart staten frifunnen og tilkjend sakskostnader i begge sakene. Domsslutninga lyder slik:

”I sak nr. 09-048639TVI-OTIR/10: Steinar Bastesen – Staten v/Fiskeri- og kystdepartementet:

1. Staten v/Fiskeri og kystdepartementet frifinnes.
2. Staten v/Fiskeri og kystdepartementet tilkjennes sakens omkostninger med 39 400 – trettinitusenfirehundre – kroner innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse.

I sak nr. 09-085334TVI-OTIR/10: Alu Safe AS – Staten v/Fiskeri- og kystdepartementet:

1. Staten v/Fiskeri og kystdepartementet frifinnes.
2. Staten v/Fiskeri og kystdepartementet tilkjennes sakens omkostninger med 39 400 – trettinitusenfirehundre – kroner innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse.”

- (15) Tingretten la til grunn at kreditor for det framsette skadebotkravet i tilfelle måtte vere Alu Safe AS og ikkje Steinar Bastesen. Eit eventuelt krav frå Alu Safe AS var etter rettens syn forelda, då foreldingsfristen måtte ha utgangspunkt i omgjeringsvedtaket 7. april 2006, som låg meir enn tre år attende i tid frå søksmålstidspunktet for selskapet.
- (16) Både Steinar Bastesen og Alu Safe AS anka til lagmannsretten. Borgarting lagmannsrett sa dom 16. august 2011 med slik domsslutning:
- ”1. Ankene forkastes.
 2. I sakskostnader for lagmannsretten betaler Alu Safe AS til staten v/Fiskeri- og kystdepartementet 24 500 – tjuefiretusenfemhundre – kroner innen 2 – to – uker etter forkynnelse av dommen.
 3. Steinar Bastesen frifinnes for å erstatte motpartens sakskostnader for tingretten og lagmannsretten.”
- (17) Lagmannsretten såg i hovudsak på spørsmåla på same vis som det tingretten hadde gjort.
- (18) Både Steinar Bastesen og Alu Safe AS anka til Høgsterett. I vedtak 18. november 2011 frå Høgsteretts ankeutval vart anken tillaten fremja, men slik at forhandlinga ”begrenses til spørsmålene om Bastesens krav har erstatningsrettslig vern, og om krav fra Alu Safe AS er foreldet”. I premissane er det uttala at dersom ”Bastesen og/eller Alu Safe AS får medhold, må spørsmål om ansvarsgrunnlag og omfang behandles av lagmannsretten (eventuelt tingretten), se tvisteloven § 30-14 andre ledd, jf. § 30-15”.
- (19) For den delen av saka som er til behandling i Høgsterett, er det ulike spørsmål som er til prøving for dei to ankepartane.
- (20) Ankeparten *Steinar Bastesen* har særleg halde fram:

- (21) Han har høve til å gjere gjeldande krav på dekning av tapet ved hindra fiske på to grunnlag, eitt som kan karakteriserast som fiskerirettsleg og eitt selskapsrettsleg.
- (22) Særleg gjennom lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst – deltakarlova – er det ei regulering av retten til å nytte eit farty til fiske og fangst. Etter deltakarlova er fiskartilknytning ein føresetnad for at det skal bli gitt slik rett. Berre aktive fiskarar – med svært avgrensa unntak – kan eige fiskefarty og få deltakarløyve for fiskeri. Grunnlaget for det aktuelle løyvet var Bastesen sin aktivitet som aktiv fiskar gjennom mange år. Det gir han ei særleg tilknytning til det løyvet som vart gitt, og som er avgjerande for retten til skadebot. Sjølv om selskapet Alu Safe AS var adressat ved brevvekslinga under saksbehandling og for det løyvet som vart gitt, var dette meir tilfeldig og ikkje grunna på eit standpunkt om at Bastesen sjølv ikkje hadde retten til deltaking.
- (23) Også selskapsrettslege synsmåtar gir grunnlag for at Bastesen kan fremje eit krav mot staten. Aksjelova § 17-6 gir ein aksjeeigar rett til å fremje selskapskrav også mot utanforståande. Lovteksten byggjer på det, og løysinga blir særleg tydeleg når ein ser på lovførearbeida. Denne rettsoppfatninga har også sterk støtte i juridisk litteratur. Han var eineaksjeeigar på tidspunktet for vedtaket. At han seinare har hatt først ein og deretter ein annan av sønene som medaksjeeigar, endrar ikkje i noko tilfelle det prinsipielle utgangspunktet om hans rett som dominerande aksjeeigar.
- (24) Ankeparten *Alu Safe AS* har særleg halde fram:
- (25) Kravet er ikkje forelda dersom foreldingsfristen først tok til å løpe 26. mai 2006 eller seinare. I dette tilfellet vart direktoratet sitt omgjeringssvedtak frå 7. april 2006 klagt inn for departementet. Det må gjelde allment at så lenge ei klage er til behandling, kan det ikkje starte forelding av skadebotkrav grunna det vedtaket som er påklaga. Det er dårleg økonomi for partane og for samfunnet som eit heile, om det blir teke ut søksmål før ei sak er avgjort i klageinstansen. Verken ansvarsgrunnlag eller storleiken på kravet er då på det reine.
- (26) I dette tilfellet var det i alle fall rimeleg å vente noko med å reise sak, for å sjå om det raskt ville kome ei avklaring frå forvaltninga. Saker i fiskeriforvaltninga tek til vanleg ikkje år – det er tale om veker eller månader. På omgjeringstidspunktet 7. april 2006 var ikkje ansvarsgrunnlaget avklara, og heller ikkje om det reint faktisk ville bli noko tap. Det siste hadde mellom anna med det å gjere at det ved ei snarleg avgjerd kunne vere mogeleg raskt å skaffe eit farty eller i alle fall å leige ut kvotene for dette året. Situasjonen var i det heile då ikkje så avklara at det var forsvarleg grunnlag for å seie at det låg føre eit tap.
- (27) Steinar Bastesen og Alu Safe AS har sett fram slik felles påstand:
- ”1. Lagmannsrettens dom oppheves.
 2. Staten v/Fiskeri- og kystdepartementet dømmes til å betale sakens kostnader for Høyesterett.”
- (28) Ankemotparten, *staten ved Fiskeri- og kystdepartementet*, har særleg halde fram:

- (29) Steinar Bastesen har reist sak i eigenskap av aksjeeigar. Men han har ikkje reist noko særkrav – kravet er på alle vis det same som det selskapet gjer gjeldande. Han kan då ikkje vinne fram med kravet.
- (30) Det er ikkje utvida høve til å fremje krav frå aksjeeigarar som samstundes er ”nøkkelmenn” i eit selskap. Det må også gjelde der eit skadebotkrav reiser seg ut frå eit vedtak etter deltakarlova. Dersom ein aktiv fiskar ikkje ønskjer dei føremoner og ulemper som følgjer av å ha aktiviteten i eit aksjeselskap, kan det veljast ei anna selskapsform.
- (31) Aksjelova kapittel 17 inneheld prosessuelle reglar for krav mot intern skadevaldar og dessutan reglar til vern av mindretal av aksjeeigarar. Føresegna i aksjelova § 17-6 er etter sin ordlyd ein prioritetsregel, innteken i kapitlet om krav mot interne skadevaldarar. Paragrafen gir såleis ikkje heimel for sjølvstendig krav frå aksjeeigar for selskapskrav. Det er heller ikkje nokon alminneleg heimel i norsk rett for direktekrav frå aksjeeigar mot ekstern skadevaldar. Tvert om kan slike krav ut frå grunnleggjande selskapsrettslege prinsipp ikkje føre fram.
- (32) Kravet frå Alu Safe AS er forelda. Klagesaka og skadebotsaka gjeld to ulike krav. Det kjem tydeleg fram der vedtaket, som her, gjeld tilbakekall av løyve. Eit slikt tilbakekall har inngripande verknad frå første stund, både økonomisk og på andre måtar. Det er fast praksis for at ei forvaltningsklage ikkje utset utgangspunktet for foreldingsfristen. Og ved omgjerung av ei tilsegn om eit løyve, kan det ikkje i noko tilfelle vere slik. Omgjeringsvedtaket får verknad straks, utan omsyn til utfallet av klagesaka.
- (33) Selskapet fekk her konkret kunnskap om ansvarsgrunnlaget alt ved varselet om omgjerung 8. februar 2006. Det har ikkje kome til noko nytt seinare som kastar ytterlegare lys over ansvarsgrunnlaget ut over det som var kjent gjennom omgjeringsvedtaket 7. april 2006.
- (34) Verknadene manifesterte seg alt frå det vart gitt varsel om omgjerung 8. februar 2006, og slo inn med full tyngde frå omgjeringsvedtaket 7. april 2006. Det er nok så at det ikkje på vedtakstidspunktet var full kunnskap om det økonomiske tapet, men det er ikkje noko vilkår. Allereie på dette tidspunktet hadde selskapet tilstrekkeleg grunnlag for å vite at det var eit økonomisk tap, og den nærare avklaringa av dette måtte kome seinare. Ei detaljert fastlegging av storleiken av kravet kan ikkje krevjast for at foreldingsfristen skal starte sitt løp.
- (35) Staten ved Fiskeri- og kystdepartementet har sett fram slik påstand:
- ”Anken forkastes.”**
- (36) *Eg går så over til å gjere greie for mitt syn på dei to ankane og startar med anken frå Steinar Bastesen.*
- (37) Bastesen har med styrke gjort gjeldande at hans aktivitet som fiskar er det som har gitt grunnlag for dei fiskeriløyva som skadebotkravet knyter seg til, og at han derfor må vere den som har rett på eventuell skadebot.
- (38) I dommen i Rt. 2009 side 1502 avsnitta 50–57 er det gjort greie for hovudlinjene for ervervsløyve til fiskefarty og løyve til deltaking i fiske og fangst. Eg viser til dei allmenne synsmåtane det er gitt uttrykk for der.

(39) Etter deltakarlova § 4 kan eit farty ikkje nyttast til ervervsmessig fiske eller fangst utan at det er gitt ervervsløyve. Slikt ervervsløyve kan etter deltakarlova § 6 første ledd berre givast til den som "har drevet ervervsmessig fiske eller fangst på eller med norsk fartøy i minst tre av de siste fem årene og fortsatt er knyttet til fiske- og fangststyrket". Dette er det grunnleggjande vilkåret for å kunne få ervervsløyve. Etter § 6 andre ledd er det høve til å gi eit selskap ervervsløyve dersom personar som fyller krava i første ledd har meir enn femti prosent av eigarinteressene og faktisk har tilsvarande kontroll over verksemda.

(40) I saka her er det på det reine at det var Alu Safe AS som søkte om ervervsløyve. Ein del brev til Fiskeridirektoratet i 2005 var frå Bastesen sjølv, og også nokre brev frå direktoratet var adresserte til Bastesen. Eg går ikkje inn på denne korrespondansen. I brev 26. oktober 2005 frå advokaten for Bastesen og Alu Safe AS heitte det nemleg:

"Det presiseres vidare at det er Alusafe AS med Bastesen som majoritetsseier som er søker"

(41) Fiskeridirektoratet gav deretter 7. november 2005 løyve til Alu Safe AS. Kjøpekontrakten for "Buøy Junior" av 12. januar 2006 hadde Alu Safe AS som kjøpar, og det var også Alu Safe AS som i seinare brevveksling vart behandla som part av direktoratet og deretter av departementet.

(42) Her vart det altså klart og eintydig valt at aksjeselskapet skulle vere den som fekk ervervsløyvet, og dette må då leggjast til grunn for dei rettar og skyldnader løyvet gir grunnlag for. Eg kan ikkje sjå at det i så måte stiller seg annleis for eit fiskeriaksjeselskap enn det vil gjere for andre selskap som er organiserte med utgangspunkt i ein særleg kvalifikasjon, ein autorisasjon eller eit løyve hos ein eineaksjeeigar eller ein aksjeeigar elles.

(43) Eg går så over til å sjå på spørsmålet om aksjelova § 17-6 inneheld ein sjølvstendig heimel for at Bastesen, som eineaksjeeigar eller som dominerande aksjeeigar, kan reise sak om kravet. Det følgjer av det eg alt har sagt at det er tale om eit selskapskrav og ikkje om eit særkrav for Bastesen. Som tidlegare nemnt må det leggjast til grunn at det er det same kravet som er gjort gjeldande frå Bastesen og frå Alu Safe AS.

(44) I Rt. 2004 side 1816 tok eit fleirtal på tre dommarar utgangspunkt i at etableringa av eit selskap inneber ein realitet, jf. avsnitta 28 og 29 der det heiter:

"28. ... Eit aksjeselskap er eit sjølvstendig rettssubjekt, forskjellig frå aksjeeigarane, også der selskapet har eine- eller hovudaksjeeigarar. Det er etter mitt syn framandt for vår rettsorden å seie at aksjeeigarar lir tap der tapet direkte rammar aksjeselskapet, sjølv om tapet på kort eller lang sikt vil redusere inntektsstraumen i form av utbyte til aksjeeigarane. ...

29. ... Etablering av eit aksjeselskap har ein realitet. Det gjeld med omsyn til personleg ansvar, det gjeld med omsyn til skatt og også i mange andre samanhengar. Ein hovudaksjeeigar eller eventuelt ein eineaksjeeigar kan ikkje då krevje at ein skal sjå bort frå selskapsforma når det oppstår ein konkret situasjon der han kan vere tent med det."

(45) Det same hovudsynet er lagt til grunn i Rt. 2003 side 1112 og Rt. 2011 side 1811.

- (46) Aksjelova kapittel 17 må sjåast i lys av desse grunnleggjande synsmåtane. Den sentrale føreseigna i § 17-1 gjeld retten selskapet, aksjeeigarar og andre har til å krevje skadebot frå dei som på ulikt vis er aktørar i aksjeselskapet, og ho har slik ordlyd:

”Selskapet, aksjeeier eller andre kan kreve at daglig leder, styremedlem, medlem av bedriftsforsamlingen, gransker eller aksjeeier erstatter skade som de i den nevnte egenskap forsettlig eller uaktsomt har voldt vedkommende.”

- (47) Føreseigna inneber at både selskapet, aksjeeigar og andre kan reise krav om skadebot mot det som eg vel å omtale som aktørar i selskapet, og at det slik sett kan bli fremja same skadebotkrav frå fleire om eit krav som er eit selskapskrav. Føreseigna omfattar også det som må kallast særkrav, til dømes krav frå ein aksjeeigar mot ein annan aksjeeigar i høve ei disponering over aksjar i selskapet. Slike særkrav går eg ikkje nærare inn på.
- (48) Etter § 17-3 avgjer generalforsamlinga om det skal fremjast krav på selskapets vegner mot den personkrinsen som er nemnd i § 17-1. På visse vilkår har eit mindretal tilsvarande rett etter § 17-4.
- (49) Aksjelova § 17-6 har overskrifta ”Konkurrerende krav” og lyder slik:

”Aksjeeiere, kreditorer eller andre som har lidt tap fordi selskapet er påført tap, er bundet av selskapets skadeoppgjør, og deres krav står tilbake for selskapets krav.”

- (50) Spørsmålet er om § 17-6 gir heimel for at aksjeeigarar, kreditorar og andre kan fremje selskapskrav, også utanom det som er regulert av § 17-1 og som altså gjeld krav mot selskapsaktørar.
- (51) Gjeldande aksjelov byggjer på ei utgreiing i NOU 1996: 3 Ny aksjelovgivning. Framlegget der var at ein aksjeeigar berre kunne krevje skadebot for særkrav, og ikkje for krav som selskapet kunne krevje dekt. I utkastet § 16-7, som regulerte krav frå aksjeeigar mot selskapsaktørar, var det såleis i andre ledd fastsett at aksjeeigaren ikkje etter § 16-7 kunne fremje skadebotkrav ”for en aksjeeiers andel av et tap som selskapet kan kreve erstattet etter § 16-1”, altså eit selskapskrav, jf. utgreiinga side 271. Det vart gjort framlegg om tilsvarande avskjeringsregel i utkastet § 16-8 for kreditorar og andre.
- (52) Departementet følgde ikkje framlegget på desse punkta, sjå Ot.prp. nr. 23 (1996–997) side 122. I staden foreslo departementet den prioritetsregelen som no er lovfesta som § 17-6. I spesialmotiva på side 181 er ordninga i § 17-6 grunngitt nærare slik:

”Som det går frem av ... de alminnelige motivene, vil departementet ikke begrense adgangen for aksjeeiere og kreditorer til å fremme direkte krav. Det vil da være tilstrekkelig å lovfeste regelen om at selskapets krav har forrang i forhold til slike direkte krav, for eksempel i skadevolderens konkurs, og at selskapets skadeoppgjør (herunder forlik) er bindende også for dem som har lidt indirekte tap (jf Rt 1993 side 20). Dette er nedfelt i utkastet § 17-8 [lova § 17-7]. Bestemmelsen forutsetter at aksjeeiere, kreditorer eller andre kan gjøre direkte krav gjeldende.

...

Problemenes her har ingen sammenheng med om skadevolderen hører med til dem som er nevnt i utkastet § 17-1. Regelutkastets virkeområde er følgelig ikke begrenset til søksmål mot disse.”

- (53) Aksjelova § 17-6 er altså dels ein prioritetsregel og dels ein regel om at selskapet sine handlingar er bindande også for konkurrerende krav. Prioritetsregelen var nødvendig når hindringa mot at andre forfølgde selskapskrav mot selskapsaktørar vart teken bort i § 17-1, slik departementet forma ut denne føresegna.
- (54) Etter sin ordlyd gir føresegna ikkje nokon heimel for at ein aksjeeigar eller ein kreditor fremjar eit slikt krav. I juridisk teori har det vore drøfta om utsegnene i proposisjonen byggjer på ein føresetnad om at § 17-6 er ein slik heimel. Ulike synsmåtar har vore gjorde gjeldande. Eg går ikkje inn på desse. Om det var meininga å etablere ei ordning med slike direktekrav, hadde det etter mitt syn vore grunn for lovgivaren å uttale det direkte i lova. Særleg må det vere tilfelle når det her er tale om ein regel som i tilfelle ville gripe sterkt inn i grunnleggjande prinsipp når det gjeld rettsstillinga for eit aksjeselskap. Eg viser her til det eg tidlegare har sitert frå Rt. 2004 side 1816. Mitt syn er såleis at aksjelova § 17-6 ikkje er sjølvstendig heimel for direktekrav frå aksjeeigarar, selskapskreditorar og andre for selskapet sine krav, men at føresegna gjeld også for slike krav, der det på anna grunnlag måtte vere heimel for slike.
- (55) Kravet frå Steinar Bastesen kan etter dette heller ikkje føre fram på eit selskapsrettsleg grunnlag.
- (56) Eg går då over til å sjå på anken frå Alu Safe AS. For selskapet er det spørsmål om eit eventuelt krav er forelda.
- (57) Etter foreldingslova § 9 nr. 1 blir eit krav på skadebot forelda tre år etter den dagen då den skadelidne fekk eller burde skaffa seg kunnskap om skaden og den ansvarlege. I Rt. 2001 side 1702 på side 1711 er innhaldet i føresegna utdjupa slik:
- ”Dette kunnskapskravet gjelder ikke bare skaden og hvem som er ansvarlig, men også det forhold at skadeforvoldelsen kvalifiserer til ansvar. For at foreldelsesfristen skal begynne å løpe, må det faktiske resultat av den skadevoldende handling – ”realskaden” - ha inntrådt, og tilstanden må ha manifestert seg på en slik måte at skadelidte objektivt sett har grunnlag for og oppfordring til å fremme erstatningskrav mot den ansvarlige, jf. Nygaard: Skade og ansvar, 5. utg. (2000), side 413 ff. med henvisninger til rettspraksis.”**
- (58) I Rt. 1994 side 190 er det tilsvarande uttala at det avgjerande måtte vere om den skadelidne hadde ”rimelig foranledning” til å gå til søksmål.
- (59) Den skadegjerande handlinga var i tilfelle Fiskeridirektoratet sitt omgjeringsvedtak 7. april 2006. Alu Safe AS reiste sak 26. mai 2009. For at kravet ikkje skal vere forelda, må foreldingsfristen ha starta å løpe tidlegast 26. mai 2006.
- (60) Det er som ein allmenn synsmåte gjort gjeldande at foreldingsfristen for skadebotkrav som er grunna på forvaltningsvedtak som er påklaga, først startar å løpe når klaga er avgjort. Slik eg ser på saka, er det ikkje grunn for meg til å gå inn på dette.
- (61) For min del er eg nemleg komen til at det den 26. mai 2006 ikkje hadde skjedd noka slik avklaring av verknadene av omgjeringsvedtaket at Alu Safe AS hadde rimeleg grunn til å reise sak, jf. dei kriteria som er stilte opp i rettspraksis og som eg akkurat har omtala.
- (62) Etter mitt syn må det givast Alu Safe AS noko omrømingstid etter 7. april 2006 til å vurdere den faktiske situasjonen, og også å halde denne opp mot dei feil som selskapet alt

då meinte hefta ved direktoratet sitt vedtak. På dette tidspunktet hadde Alu Safe AS ikkje rådvelde over nokon fiskebåt – verken til eige eller til leige, og det måtte vurderast korleis dette skulle omsyntakast ved vurdering av om det låg føre noko økonomisk tap. Eventuelt måtte det også vurderast om det faktisk og rettsleg var eit alternativ å leige ut rettane til fiske. Også inntektssida måtte vurderast nærare. Både ressurstilgang og økonomiske tilhøve ville kome inn. Vurderingane måtte skje både under alternativet at klagen over omgjeringsvedtaket raskt eller etter ei tid vart teken til følgje, og under alternativet at departementet ikkje tok klagen til følgje.

- (63) Omgjeringsvedtaket vart gjort 7. april 2006, og det er altså spørsmål om det måtte godtakast ei omrømingstid i det minste til 26. mai 2006. Eg kan ikkje sjå at det kan seiast at Alu Safe AS før det hadde rimeleg grunn til å reise sak.
- (64) Anken frå Alu Safe AS fører etter dette fram, og lagmannsrettsdommen må dermed opphevast så langt gjeld anken frå selskapet.
- (65) Staten har ikkje sett fram krav om sakskostnader for Høgsterett. Det er dermed ikkje noko sakskostnadsspørsmål å vurdere i høve til anken frå Steinar Bastesen.
- (66) Anken frå Alu Safe AS har ført fram, og selskapet bør tilkjennast sakskostnader for Høgsterett. Nødvendige sakskostnadene bør tilkjennast i samsvar med kravet med 71 852 kroner, der 52 500 kroner er salær og resten utlegg.
- (67) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

Sak Steinar Bastesen mot staten v/Fiskeri- og kystdepartementet:

Anken blir forkasta.

Sak Alu Safe AS mot staten v/Fiskeri- og kystdepartementet:

1. Lagmannsrettsdommen blir oppheva.
 2. I sakskostnader for Høgsterett betaler staten v/Fiskeri- og kystdepartementet 71 852 – syttieintusenåttehundreogfemtito – kroner til Alu Safe AS innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen.
- (68) Dommer **Bårdsen**: Jeg er enig med førstvoterende for så vidt gjelder kravet fra Steinar Bastesen. For mitt standpunkt har Rt. 2004 side 1816 (Skiltmaker) vært uten betydning. Dommen, som er avsagt under dissens 3-2, gjaldt en særegen kravsituasjon ved personskade på hovedaksjonæren. Verken flertallet eller mindretallet nevnte § 17-6, som er den sentrale i Bastesens sak. Heller ikke i de to andre sakene som førstvoterende har vist til – Rt. 2003 side 1112 og Rt. 2011 side 1811 – var denne bestemmelsen inne i bildet.
 - (69) Jeg er også enig med førstvoterende i at kravet fra Alu Safe AS ikke er foreldet. Men jeg har en annen og mer prinsipiell begrunnelse, knyttet til kunnskapskravet i

foreldelsesloven § 9 nr. 1: Spørsmålet om foreldelse av erstatningskrav mot det offentlige på grunn av ugyldige vedtak bør, etter mitt syn, ses i sammenheng med reglene om forvaltningsklage. Så lenge klagebehandlingen pågår, vil skade- og årsaksbildet, ansvarsgrunnlaget og tapet kunne være usikkert. Et søksmål før klagesaken er avgjort må derfor bygge på flere forutsetninger, være forbeholdent og ta høyde for ulike eventualiteter. Dette er prosessøkonomisk lite rasjonelt. Ved en rask klagebehandling med positivt utfall kan søksmålet dessuten vise seg å ha vært unødvendig. Jeg nevner – til sammenligning – Rt. 2011 side 1029 avsnitt 39, som gjaldt friststart ved krav om erstatning for formuestap på grunn av en unnlattelse. Førstvoterende fremholdt – under henvisning til Rt. 2001 side 1702, og med tilslutning fra de øvrige dommere – at det måtte kreves ”at det erstatningsbetingende forholdet har fått økonomiske konsekvenser”. Og jeg føyer til: Gjennom klagen blir den offentlige part kjent med at vedtaket er omstridt, og det bør være i det offentliges interesse at muligheten for administrativ klage uttømmes før det reises sak. Det er i samfunnets interesse at tvister ikke bringes inn for domstolene før det er et reelt behov for domstolens bistand. Å knytte foreldelsesfristen til vedtak i klagesaken gir retts tekniske fordeler og økt forutberegnelighet.

- (70) Dommer **Endresen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende, dommer Utgård.
- (71) Dommer **Matheson:** Likeså.
- (72) Dommer **Tjomsland:** Jeg er også i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende. Når det gjelder foreldesspørsmålet har følgende betraktning vært avgjørende for meg:
- (73) Spørsmålet er på hvilket tidspunkt Alu Safe AS hadde tilstrekkelig oversikt over de økonomiske virkninger av omgjøringsvedtaket til at selskapet hadde rimelig grunn til å gå til søksmål. For meg er det her av helt sentral betydning om resultatet av klagebehandlingen ble raskt avklart. Dersom vedtaket innen kort tid hadde blitt omgjort, er det uvisst om det i det hele hadde oppstått noe særlig tap for selskapet. Etter rettspraksis er det riktignok tilstrekkelig for at foreldelsesfristen skal ta til å løpe, at skadelidte bør ha kjenneskap til at han vil bli påført et økonomisk tap, tapets størrelse trenger ikke være avklart. Men kunnskapskravet må likevel forstås slik det omfatter de økonomiske skadevirkningene av den skadegjørende handlingen. Dette kravet var ikke oppfylt på vedtakstidspunktet, og etter mitt syn heller ikke 26. mai 2006 da det fremdeles må ha fremstått som uklart om klagen ville bli avgjort innen kort tid.
- (74) Det er ikke nødvendig for meg å ta stilling til om kunnskapskravet på dette tidspunkt var oppfylt når det gjaldt det ansvarsgrunnlag som selskapet har gjort gjeldende.

(75) Etter røytinga sa Høgsterett slik

D O M :

Sak Steinar Bastesen mot staten v/Fiskeri- og kystdepartementet:

Anken blir forkasta.

Sak Alu Safe AS mot staten v/Fiskeri- og kystdepartementet:

1. Lagmannsrettsdommen blir oppheva.
2. I sakskostnader for Høgsterett betaler staten v/Fiskeri- og kystdepartementet 71 852 – syttieintusenåttehundreogfemtito – kroner til Alu Safe AS innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen.

Rett utskrift: